

Utval: Fylkesutvalet
Møtestad: Fylkesutvalsalen, fylkeshuset, Bergen
Dato: 18.06.2015
Tidspunkt: 11.00-15.40

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Nils-Olav Næss	Medlem	A	
Marte Malones	Medlem	A	
Terje Søviknes	Medlem	Frp	
Tom-Christer Nilsen	Fylkesordførar	H	
Inge Reidar Kallevåg	Medlem	H	
Birthe Eriksen	Medlem	H	
Torill Selsvold Nyborg	Medlem	KrF	
Benthe Bondhus	Medlem	Sp	
Aud Karin Oen	Medlem	SV	
Mona Haugland Hellesnes	Fylkesvaraordførar	V	

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Parti
Sveinung Valle	Medlem	A
Astrid F. Selsvold	Medlem	A
Silje Hjemdal	Medlem	Frp
Sigbjørn Framnes	Medlem	Frp
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Parti	
Siri Klokkestuen	Sveinung Valle	A	Til kl. 15.30
Rasmus Laupsa Rasmussen	Astrid F. Selsvold	A	
Inger Ulvund	Silje Hjemdal	Frp	
Rosalind Fosse	Sigbjørn Framnes	Frp	
Stein Inge Ryssdal	Mona Røsvik Strømme	H	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Ronny Skaar	Utviklingssjef kultur- og idrettsavdelinga
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 157/15	Godkjenning møteinnkalling		
PS 158/15	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 159/15	Referatsaker (Meldingar)		
RS 88/15	Svar på spørsmål frå Aud Karin Oen vedk. lære plassar maritime fag	2015/5191	
RS 89/15	Masfjordbrua - statusmelding	2015/5147	
RS 90/15	Sykkelbyen Stord - ein statusrapport	2015/3680	
RS 91/15	Skulebruksplanen og framtida for Hjeltnes vidaregåande skule - utsetjing av politisk sak	2014/10030	
RS 92/15	Carte Blanche sin Årsrapport 2014	2014/11637	
RS 93/15	Indikatorar for arealbruk og parkering for oppfølging av bymiljøavtalar - høyring	2014/54	
RS 94/15	Sykkelbyen Bergen - statusrapport	2015/3680	
RS 95/15	Miljøferjer	2014/19309	
RS 96/15	Nye busskontraktar for rutepakkane Hardanger/Voss og Modalen/Vaksdal - orientering om kontraktane og gjennomføring av konkurranse	2015/428	
RS 97/15	Svar på spørsmål om elbilar og bompeng einntekter	2015/5427	
RS 98/15	Førebudd på framtida - status 2	2014/12398	
RS 99/15	Status handlingsplan etter forvaltningsrevisjon Sjukefråvær	2014/15006	
RS 100/15	Revisjon av fullmaktsreglementet	2015/2511	
RS 101/15	Elbil i sambruksfelt og kollektivfelt	2015/5427	
RS 102/15	Større saker til politisk behandling våren 2015 - pr juni	2014/1527	
RS 103/15	Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr juni 2015	2014/356	
RS 104/15	Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK) - om fire inspirasjonskonferansar	2015/5532	
RS 105/15	Vaktberedskap i forbindelse med ras	2015/3001	
RS 106/15	Oversikt over innkommande høyringar juni 2015	2015/5701	
RS 107/15	Kostnadsoverskridingar for Askøypakken	2015/825	
RS 108/15	Orientering om stans i utvikling av nettbutikkkløysing for kollektivreisande	2015/5387	
PS 160/15	Delegerte saker		
DS 14/15	Notat - revisjon av fullmaktsreglementet - administrative fullmakter	2015/2511	
DS 15/15	Fornyng av sertifikatlån 335 mill. kr	2015/203	
PS 161/15	Årsbudsjett 2016 / Økonomiplan 2016 - 2019. Føresetnader og rammer.	2015/5430	
PS 162/15	Møteplan 2016 for fylkeskommunale organ	2015/5700	
PS 163/15	Søknad om støtte til å sikre friluftslivsområder etter vindfall	2014/24253	
PS 164/15	Jubileumsgåve til Kunsthuset Kabuso - tilskot til flygel	2014/24253	
PS 165/15	Strategisk Næringsplan for Bergensregionen 2015-2020	2015/2100	

PS 166/15	UNESCO Verdsarvkonferanse i Bergen 22 til 24 september 2015. Søknad om tilskott. Politisk representasjon	2015/4258
PS 167/15	Fråsegn til planprogram for E39 Stord - Os	2015/5412
PS 168/15	Tiltak for å møte omstillingsutfordringane i leverandørindustrien til petroleumsnæringa i Hordaland.	2014/18069
PS 169/15	Høyring til forslag om endring av lov om offentlige anskaffelser og tilhøyrande forskrifter	2015/5516
PS 170/15	Melding om kystskogbruket 2015	2014/18001
PS 171/15	Biosfære Nordhordland	2015/5159
PS 172/15	Søknad om 132kV-kraftleidning Dalsbotnfjellet-Frøyset. Fråsegn Hordaland fylkeskommune.	2015/4714
PS 173/15	Avklaring på vegen vidare for Næringsbarometeret Hordaland	2014/1032
PS 174/15	Regional areal- og transportplan for Bergensområdet - Vedtak av høyringsforslag	2014/1180
PS 175/15	"Hovedrapport fra analyse og strategifasen", NTP 2018 - 2027- uttale	2015/4967
PS 176/15	Omstillingsmidlar 2015	2015/5615
PS 177/15	Stedfortrader for fylkesrådmannen	2014/15677
PS 178/15	Nytt reglement for "Reiser i Hordaland fylkeskommune"	2014/12509
PS 179/15	Kommunale ferjekaiar i fylkesvegsambanda	2015/5194
PS 180/15	Elbil på ferje	2014/22661
PS 181/15	Vedk. ferjetilbodet for Austevoll og Varaldsøy	2015/1217
PS 182/15	Fylkeskryssande snøggbåtruter i Sunnhordland	2015/557
PS 183/15	Søknad frå Osterøy Ferjeselskap AS om tilskot til ferjesambandet Breistein - Valestrand	2015/4697
PS 184/15	Høyring - Framlegg til forskriftsendringar - Krav om relevant kompetanse i undervisningsfag	2015/5406
PS 185/15	Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren - budsjettfordeling nr. 3 - 2015	2014/598
PS 186/15	Høyring - Framlegg til revidert læreplan for Vg1 service og samferdsel	2015/5597
PS 187/15	Oppfølging av skulebruksplanen (SBP) – løypemelding vår 2015	2014/10030
PS 188/15	Lærlingklausul i offentlege kontraktar	2015/5509
PS 189/15	Samlokalisering av Bergen tekniske fagskole (BTF) og Bergen maritime fagskole (BMF)	2014/10030
PS 190/15	Ymse	

PS 157/15 Godkjenning møteinnkalling

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Korrigererte møtebøker frå samferdselsutvalet for PS 167, 174 og 175/15 var sendt ut til fylkesutvalet.

PS 181/15 vart trekt fordi den var kome på sakskartet ved ein inkurie.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes å setje tre saker på saklista for møtet utan saksførelegg:

- Ny sak PS 190/15 Oppnemning av saksordførar for lærlingeplan og lærlingeprognose.
- RS 93/15 vart omgjort til ny sak PS 191/15 Indikatorar for arealbruk og parkering for oppfølging av bymiljøavtalar – høyring.
- Spørsmål frå Aud Karin Oen vart omgjort til ny sak PS 192/15 Reklame på kollektivtransport.

Revisjon av fullmaktsreglementet var meldt opp to gonger: Under referatsaker, RS 100/15, og delegerte saker, DS 14/15. RS 100/15 vart trekt, slik at saka berre ligg under DS 14/15. RS-sakene frå RS 100/15 fekk ny nummerering.

Vedtak

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend med dei merknadane som er nemnd over.

PS 158/15 Godkjenning møtebok førre møte

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Vedtak

Møteprotokollen frå fylkesutvalet 19.05. og 09.06.2015 vart godkjend utan merknader.

PS 159/15 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

I samband med RS 96/15 "Nye busskontraktar for rutepakkane Hardanger/Voss og Modalen/Vaksdal - orientering om kontraktane og gjennomføring av konkurranse" hadde **Benthe Bondhus** slik kommentar:

"Syner til møtebok frå SAMU 06.06.2015. Samferdselsutvalet ber fylkesrådmannen leggja fram for politisk handsaming ulike alternativ som gjer at tenestetilbodet på linje 766, Rosendal-Matre-Åkra vert oppretthalde.

I møteboka står også; Nytt frå Skyss. Kombibussruta til Matre-Åkra er teke ut av rutetilbodet.

Fylkesordføraren opplyste at saka kjem attende til behandling over ferien."

Fylkesordføraren stadfesta at det vil verte lagt fram sak i neste fylkesutval.

I samband med RS 97/15 "Svar på spørsmål om elbil og bompengainntekter" sette **Mona Hellesnes** på vegner av V fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Ber om at oversikten over estimert tap av bompengar grunna elbil blir lagt fram på nytt med informasjon om samla bompengainntekter pr. samband og at det framgår at det er tal elbilpasseringar, ikkje tal elbilar som inngår i oversikten."

Hellesnes sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

I samband med RS 105/15 "Oversikt over innkommande høyringar juni 2015 " sette **Mona Hellesnes** fram slik protokollmerknad:

"Endringane i energiloven fremma av Olje- og energidepartementet vil få store konsekvensar for mange av energiselskapa i Hordaland. Ei så viktig lovendring for vannkraftfylket Hordaland burde vore lagt fram for politisk handsaming av høyringsuttale."

I samband med RS 107/15 "Orientering om stans i utvikling av nettbutikkkløysing for kollektivreisande" spurde **Nils-Olav Næss** om kva arbeidet med nettbutikk har kosta fylkeskommunen sidan 2007. Direktør i Skyss, Oddmund Sylta, svarte at det er vanskeleg å talfeste dette fordi fleire element frå arbeidet med nettløysinga er teke med i arbeidet med å utvikle nye løysingar for mobil.

RS 88/15 Svar på spørsmål frå Aud Karin Oen vedk. læreplassar maritime fag

RS 89/15 Masfjordbrua - statusmelding

RS 90/15 Sykkelbyen Stord - ein statusrapport

RS 91/15 Skulebruksplanen og framtida for Hjeltnes vidaregåande skule - utsetjing av politisk sak

RS 92/15 Carte Blanche sin Årsrapport 2014

RS 93/15 Indikatorar for arealbruk og parkering for oppfølging av bymiljøavtalar - høyring

RS 94/15 Sykkelbyen Bergen - statusrapport

RS 95/15 Miljøferjer

RS 96/15 Nye busskontraktar for rutepakkane Hardanger/Voss og Modalen/Vaksdal - orientering om kontraktane og gjennomføring av konkurranse

RS 97/15 Svar på spørsmål om elbilar og bompengainntekter

RS 98/15 Førebudd på framtida - status 2

RS 99/15 Status handlingsplan etter forvaltningsrevisjon Sjukefråvær

RS 100/15 Elbil i sambruksfelt og kollektivfelt

RS 101/15 Større saker til politisk behandling våren 2015 - pr juni

RS 102/15 Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr juni 2015

RS 103/15 Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK) - om fire inspirasjonskonferansar

RS 104/15 Vaktberedskap i forbindelse med ras

RS 105/15 Oversikt over innkommande høyringar juni 2015

RS 106/15 Kostnadsoverskridingar for Askøypakken

RS 107/15 Orientering om stans i utvikling av nettbutikkkløysing for kollektivreisande

PS 160/15 Delegerte saker

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Delegerte saker 14 og 15/15 vart refererte.

DS 15/15 Notat - revisjon av fullmaktsreglementet - administrative fullmakter

DS 16/15 Fornyning av sertifikatlån 335 mill. kr

PS 161/15 Årsbudsjett 2016 / Økonomiplan 2016 - 2019. Føresetnader og rammer.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek til orientering dei økonomiske rammene for perioden 2016–2019 slik dei er skisserte i denne saka. Rammene vert å justera i den grad ein får nye haldepunkt som gjev grunnlag for det.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet tek til orientering dei økonomiske rammene for perioden 2016-2019 slik dei er skisserte i denne saka. Rammene vert å justera i den grad ein får nye haldepunkt som gjev grunnlag for det.

Fylkesutvalet er uroa over den sterke gjeldsoppbygginga og har merka seg at fylkesrådmannen legg opp til auka avdragsbetaling i komande økonomiplanperiode.

PS 162/15 Møteplan 2016 for fylkeskommunale organ

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtek møteplan for 2016 for fylkestinget, fylkesutvalet, kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet, samferdselsutvalet, administrasjonsutvalet og fylkesvalstyret.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek møteplan for 2016 for fylkestinget, fylkesutvalet, kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet, samferdselsutvalet, administrasjonsutvalet og fylkesvalstyret.

PS 163/15 Søknad om støtte til å sikre friluftslivsområder etter vindfall

Forslag til innstilling

Det vert løyvd kr. 150 000,- til Bergen og Omland Friluftsråd til sikring av friluftsområder etter stormen i januar 2015.

Budsjettet vert endra slik: Konto 10.400.450.00.14700 Tilskot til friluftsføremål aukar med kr 150 000. Konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 150 000.

Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 02.06.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Det vert løyvd kr. 150 000,- til Bergen og Omland Friluftsråd til sikring av friluftsområder etter stormen i januar 2015.

Budsjettet vert endra slik: Konto 10.400.450.00.14700 Tilskot til friluftsføremål aukar med kr 150 000. Konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 150 000.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Det vert løyvd kr. 150 000,- til Bergen og Omland Friluftsråd til sikring av friluftsområde etter stormen i januar 2015.

Budsjettet vert endra slik: Konto 10.400.450.00.14700 Tilskot til friluftsføremål aukar med kr 150 000. Konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 150 000.

PS 164/15 Jubileumsgåve til Kunsthuset Kabuso - tilskot til flygel

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet løyver kr 500 000 i jubileumsgåve - flygel til Kabuso. Gåva dekkes inn og belastas fylkesutvalets tilleggsøyvingskonto.

Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 02.06.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet løyver kr 500 000 i jubileumsgåve - flygel til Kabuso. Gåva dekkes inn og belastas fylkesutvalets tilleggsøyvingskonto.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Terje Søviknes sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

"Endring:
Kr 500 000 endres til kr 100 000."

Benthe Bondhus sette fram slikt forslag (a):

"Saka får ny overskrift: Tilskot til flygel."

Benthe Bondhus sette på vegner av A, Sp, SV og KrF fram slikt forslag (b):

"Endring i innstillinga:
Fylkesutvalet løyver 500.000 i tilskot osv..."

Røysting

Bondhus sitt forslag (a) fekk 7 røyster (Sp, A, SV og KrF) og fall.

Innstillinga fekk ingen røyster og fall.

Søviknes sitt forslag vart vedteke med 8 røyster mot 7 røyster (Sp, A, SV og KrF) for Bondhus sitt forslag (b).

Vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 100 000 i jubileumsgåve – flygel til Kabuso. Gåva vert dekt inn og belasta fylkesutvalet sin tilleggsøyvingskonto.

PS 165/15 Strategisk Næringsplan for Bergensregionen 2015-2020

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune gir sin tilslutning til *Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020* og *Tiltak 2015-2016* slik den ligg føre.
2. Hordaland fylkeskommune tek eit særskild ansvar for prosessane knytt til tiltak 1 og 2 og 13. Vidare vil Hordaland fylkeskommune støtte opp om dei andre tiltaka slik det høver i kvart einstilte tilfelle og sjå dei i samanheng med årleg Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune gir sin tilslutning til *Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020* og *Tiltak 2015-2016* slik den ligg føre.
2. Hordaland fylkeskommune tek eit særskild ansvar for prosessane knytt til tiltak 1 og 2 og 13. Vidare vil Hordaland fylkeskommune støtte opp om dei andre tiltaka slik det høver i kvart einstilte tilfelle og sjå dei i samanheng med årleg Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland.

PS 166/15 UNESCO Verdsarvkonferanse i Bergen 22 til 24 september 2015. Søknad om tilskott. Politisk representasjon

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet ser Verdsarvkonferansen i Bergen 2015 som ein viktig arena for å styrkje samarbeidet om forvaltning av nordisk verdsarv.
2. Fylkesutvalet løyver kr 150.000 til Nordisk verdsarvkonferanse i Bergen 22. til 24 september 2015. Løyvinga dekkes inn og belastas fylkesutvalets tilleggsløyvingskonto.
3. Fylkesutvalet ber fylkesordføraren om å vere vertskap for middagen 22. september på Fiskerimuseet.
4. Fylkesutvalet utnemnar følgjande medlemmer til å representere Hordaland fylkeskommune under Konferansen:
 - a) Namn: _____
 - b) Namn: _____
 - c) Namn: _____

Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 02.06.2015

Marianne S Bjorøy (A) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Ein av representantane bør vere leiar i Kultur- og ressursutvalet Anne-Beth Njærheim»

Røysting

Bjorøy sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart elles samrøystes vedteke slik det låg føre.

Innstilling

1. Fylkesutvalet ser Verdsarvkonferansen i Bergen 2015 som ein viktig arena for å styrkje samarbeidet om forvaltning av nordisk verdsarv.
2. Fylkesutvalet løyver kr 150.000 til Nordisk verdsarvkonferanse i Bergen 22. til 24 september 2015. Løyvinga dekkes inn og belastas fylkesutvalets tilleggsløyvingskonto.

3. Fylkesutvalet ber fylkesordføreren om å vere vertskap for middagen 22. september på Fiskerimuseet.
4. Fylkesutvalet utnemnar følgjande medlem til å representere Hordaland fylkeskommune under Konferansen:

Namn: Anne-Beth Njærheim

Fylkesutvalet overlet til valnemnda å utnemne dei to siste medlemane til å representere Hordaland fylkeskommune under konferansen.

Namn: _____

Namn: _____

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Inge Reidar Kallevåg gjorde framlegg om Anita Garlid Johannessen til å representere Hordaland fylkeskommune under Verdsarvkonferansen i Bergen 2015.

Nils-Olav Næss gjorde framlegg om Marianne Bjørøy.

Tom-Christer Nilsen sette fram slikt forslag:

"Andre setning i innstillinga punkt 4 utgår."

Røysting

Innstillinga med forslaga frå Kallevåg, Næss og Nilsen vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet ser Verdsarvkonferansen i Bergen 2015 som ein viktig arena for å styrkje samarbeidet om forvaltning av nordisk verdsarv.
2. Fylkesutvalet løyver kr 150.000 til Nordisk verdsarvkonferanse i Bergen 22. til 24. september 2015. Løyvinga verkt dekt inn og belasta fylkesutvalet sin tilleggsloøyvingskonto.
3. Fylkesutvalet ber fylkesordføreren om å vere vertskap for middagen 22. september på Fiskerimuséet.
4. Fylkesutvalet utnemner følgjande medlem til å representere Hordaland fylkeskommune under konferansen:
 - a) Anne-Beth Njærheim
 - b) Anita Garlid Johannessen
 - c) Marianne Bjørøy

PS 167/15 Fråsegn til planprogram for E39 Stord - Os

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet er nøgd med planprogrammet, og meiner at dei føreslåtte traseane gir eit godt grunnlag for vidare arbeid med statleg plan på kommunedelplannivå for E39 Stord-Os.
2. Fylkesutvalet vil peike på at trasealternativet med dagline over Søre Øyane har store konsekvensar for friluftsliv, natur, kulturmiljø og landskap. Fylkesutvalet er samd med departementet sin innstilling om at dette alternativet er lite aktuelt, men at det likevel bør utgreiast som eit alternativ.
3. Fylkesutvalet vil peike på at området kring Bårdsundet er svært sårbart med store verdiane for kulturminne, friluftsliv, naturmiljø og landskap. Planlegginga må ta særskilt omsyn til verdiane i dette området.

4. Fylkesutvalet vil rå ifrå traseval som kjem i konflikt med freda kulturminne og viktige kulturmiljø av særst høg verdi. Alternativ D og E gjennom Uggdal og Uggdalsdalen på Tysnes har store konflikter med automatisk freda kulturminne.
5. Fylkesutvalet vil peike på betydinga av å optimalisere det samla vegsystemet i området, og er nøgd med at planprogrammet fokuserer på tilknytingar til E39 på strekninga. Fylkesutvalet ber om at moglegheitsstudie for fylkesvegar knytt til E39 Bergen-Rogaland vert lagt til grunn for det vidare arbeidet. For å få full effekt av E39, ber fylkesutvalet om at den statlege planen vurderer og kjem med løysingar for vegsamband med tilknyting til E39 for følgjande strekningar:
 - Kommunedelplanen bør utgreie nytt framtidig vegsamband mellom Austevoll og Reksteren med vurdering av både ferjeløysing og bru. Kommunedelplanen bør og vurdere kryss ved Fly-gansvær som alternativ til Gjøvåg, som kryss for framtidig samband mot Austevoll.
 - Fylkesutvalet viser til tidlegare vedtak om Kvernaneset som ferjestø på Stord-sida av ferjesambandet mellom Stord og Kvinnherad, og til utgreiingane i Moglegheitsstudie for E39 Bergen-Rogaland. Under føresetnad av godkjenning frå Stord kommune, rår fylkesutvalet til at den statlege planen omfattar eit ferjeleie i området Buvika/Kvernaneset med tilførselsveg.
 - For alternativ B ber fylkesutvalet om at kommunedelplanen og omfattar ny veg frå kryss ved Drange til Uggdal, og for alternativ F mellom Søreide og Uggdal. Denne vegstrekninga må og bli finansiert av prosjektet for E39 Stord-Os om dette alternativet blir valt.
 - For alternativa D og F ber fylkesutvalet om at det i tillegg til kryss ved Førland, også blir utgreidd kryssløysing ved Agdestein på Stord for å sikre kortast mogleg veg mot Fitjar.
6. Fylkesutvalet understrekar betydinga av å vurdere omkjøringsalternativ for traseen på fylkesvegnettet som ein del av risiko og sårbarheitsvurderinga.
7. Det er av stor betyding at ein sikrar eit godt og attraktivt kollektivtilbod langs E39 med haldeplasser som er tenleg plassert både for å kunne handtere lokaltrafikk og ekspressbussar mellom Stavanger og Bergen.
8. Fylkesutvalet vil peike på behovet for ein rask framdrift, og ønskjer at den vidare planprosessen etter vedteken statleg plan på kommuneplannivå vert avklara. Fylkesutvalet vil rå til at den vidare planlegginga skal skje i statleg regi. Fylkesutvalet ønskjer å gjennomføre KS2 (kvalitetssikring 2) før reguleringsplan, slik at KS2 blir gjennomført på grunnlag av vedteken statleg plan på kommunedelplannivå.

Saksprotokoll i samferdselsutvalet - 09.06.2015

Gustav Bahus fremja på vegner av H, Frp, V, Krf, Sp og A slikt alternativt forslag:

1. "Fylkesutvalet er nøgd med planprogrammet, og meiner at dei føreslåtte traseane gir eit godt grunnlag for vidare arbeid med statleg plan på kommunedelplannivå for E39 Stord-Os.
2. Fylkesutvalet vil peike på at trasealternativet med dagline over Søre Øyane har store konsekvensar for friluftsliv, natur, kulturmiljø og landskap. Fylkesutvalet er samd med departementet sin innstilling om at dette alternativet er lite aktuelt, og at det ikkje bør utgreiast vidare som eit alternativ.
3. Fylkesutvalet vil peike på at området kring Bårdsundet er svært sårbart med store verdier for kulturminne, friluftsliv, naturmiljø og landskap. Planlegginga må ta særskilt omsyn til verdiane i dette området.
4. Fylkesutvalet vil generelt rå ifrå traseval som kjem i konflikt med freda kulturminne og viktige kulturmiljø av særst høg verdi. Alternativ D og E gjennom Uggdal og Uggdalsdalen på Tysnes har store konflikter med automatisk freda kulturminne, og må vurderast særskilt i det vidare planarbeidet.
5. Fylkesutvalet vil peike på betydinga av å optimalisere det samla vegsystemet i området, og er nøgd med at planprogrammet fokuserer på tilknytingar til E39 på strekninga. Fylkesutvalet ber om at moglegheitsstudie for fylkesvegar knytt til E39 Bergen-Rogaland vert lagt til grunn for det vidare arbeidet. For å få full effekt av E39

ber fylkesutvalet om at den statlege planen vurderer, og kjem med framlegg til kryssløysingar, som står opp om konklusjonane i mogelegheitsstudiet for framtidige tverrsamband til ferjefri E39.

6. Fylkesutvalet understrekar betydninga av å vurdere omkjøringsalternativ for traseen på fylkesvegnettet som ein del av risiko og sårbarheitsvurderinga
7. Det er av stor betydning at ein sikrar eit godt og attraktivt kollektivtilbod langs E39 med haldeplasser som er tenleg plassert både for å kunne handtere lokaltrafikk og ekspressbussar mellom Stavanger og Bergen.
8. Fylkesutvalet vil peike på behovet for ein rask framdrift, og ønskjer at den vidare planprosessen etter vedteken statleg plan på kommuneplannivå vert avklara. Fylkesutvalet vil rå til at den vidare planlegginga skal skje i statleg regi. Fylkesutvalet ønskjer å gjennomføre KS2 (kvalitetssikring 2) før reguleringsplan, slik at KS2 blir gjennomført på grunnlag av vedteken statleg plan på kommunedelplannivå."

Gustav Bahus (Frp) fremja på vegne av H, Frp, V, Krf, Sp og A slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Sak om *Mogelegheitsstudie for fylkesvegar knytt til E39 Bergen-Rogaland* vert fremja som eiga sak til politisk handsaming. Her må også høyringsuttalar frå berørte kommunar handsamast".

Tom Skauge (SV) fremja slikt alternativt forslag:

"1. Alternativ til heile framlegget frå fylkesrådmannen:

Planprogrammet for E39 syner at motorveg med fire felt med fart på 110 km/t fører til uakseptabel øydelegging av verdfull natur i Sunnhordland, over Bjørnafjorden og i Os.

Alle traseval vil gje ein firedobling av trafikken i høve til trafikkntala i dag. 14000 ÅDT vil gje trafikkaos i møte med det overbelasta vegnettet i Bergen.

Motorvegprosjektet strir mot våre klimamål og mål om at all trafikkvekst i byane skal koma med kollektivtilbod, sykkel eller gange.

Planutgreiinga for E39 Hordfast midtre trase må stogkast. Fylkesutvalet ber departementet koma attende med ny utgreiing om alternativ trafikksikker tofelts veg i indre trase og med eit alternativ for miljøvenlege ferjer.

Hordfast er eit gigantisk vegprosjekt utan truverde og realisme der kostnadene allereie er langt høgare enn det som KVU og KS1 la til grunn. Den sterke uroa i Os og i andre bygder som vert råka gjer at ein må rekne med at prisen vil auka kraftig i vidare prosjektering.

Den akutte situasjonen for E16 er livsfarlig både for bil- og tog trafikken. Samferdselsminister Solsvik-Olsen har gitt klare signal om at Hordaland må velja mellom prosjekta. I revidert nasjonalbudsjett blei det ikkje framlagt noko om strakstiltak for å sikre Vossebanen og E16."

Tom Skauge (SV) sette fram slik protokollmerknad:

"Partia SV, MDG ber om at administrasjonen gir svar på desse spørsmåla fram til Fylkesutvalet sitt møte:

1. Er det rett at trafikkprognosane i KVU og KS1 ikkje er i tråd med erfaringstal vi har til no? KVU og KS1 legger til grunn ein årlig vekst i ÅDT på 2% i året frem til 2022. Trafikkvekst frå 2012 ligg på under 0,8 %.
2. Kva er dei ulike alternativa prisa til?
3. Kva kartlegging av miljø og kostnader vert planlagt av den kunstige øya som no er eit aktuelt alternativ?

4. Fylkesordførar viste i ein replikk under Hordfastkonferansen til nye utgreiingar om kostnader og bompengar. Vert desse tala lagt frem for Fylkesutvalet?
5. Kva data har Staten for klimautslepp frå dei ulike trasealternativa?
6. Korleis vil tal for samfunnsøkonomisk lønsemd vera om ein legg til grunn den same renta for diskontering (4%) som for ny jernbane Arna-Voss og E16.
7. Kva følger får det for planlegging av Hordfast at Ap og Høgre i Rogaland ikkje vil akseptere den noverande planen for Rogfast fordi bompengesatsen vert for høg når staten berre skal betale 12 prosent av kostnadene."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling fekk 0 røyster og fall.

Tom Skauge sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Gustav Bahus sitt fellesforslag frå H, Frp, V, Krf, Sp og A vart røysta over punktvis.

Punkt 1-5: Vedteke mot 1 røyst (SV).

Pkt.6: Samrøystes

Pkt.7: Samrøystes.

Pkt.8: Vedteke mot 1 røyst (SV).

Oversendelsesforslaget frå Bahus fremja på vegne av H, Frp, V, Krf, Sp og A vart samrøystes vedteke oversendt fylkesrådmannen.

Innstilling

1. Fylkesutvalet er nøgd med planprogrammet, og meiner at dei føreslåtte traseane gir eit godt grunnlag for vidare arbeid med statleg plan på kommunedelplannivå for E39 Stord-Os.
2. Fylkesutvalet vil peike på at trasealternativet med dagline over Søre Øyane har store konsekvensar for friluftsliv, natur, kulturmiljø og landskap. Fylkesutvalet er samd med departementet sin innstilling om at dette alternativet er lite aktuelt, og at ikkje bør utgreiast vidare som eit alternativ.
3. Fylkesutvalet vil peike på at området kring Bårdsundet er svært sårbart med store verdiar for kulturminne, friluftsliv, naturmiljø og landskap. Planlegginga må ta særskilt omsyn til verdiane i dette området.
4. Fylkesutvalet vil generelt rå ifrå traseval som kjem i konflikt med freda kulturminne og viktige kulturmiljø av særskilt høg verdi. Alternativ D og E gjennom Uggdal og Uggdalsdalen på Tysnes har store konfliktar med automatisk freda kulturminne, og må vurderast særskilt i det vidare planarbeidet.
5. Fylkesutvalet vil peike på betydinga av å optimalisere det samla vegsystemet i området, og er nøgd med at planprogrammet fokuserer på tilknyttingar til E39 på strekninga. Fylkesutvalet ber om at moglegheitsstudie for fylkesvegar knytt til E39 Bergen-Rogaland vert lagt til grunn for det vidare arbeidet. For å få full effekt av E39, ber fylkesutvalet om at den statlege planen vurderer og kjem med framlegg til kryssløysingar som stør opp om konklusjonane i moglegheitsstudiet for framtidige tverrsamband til ferjefri E39.
6. Fylkesutvalet understrekar betydinga av å vurdere omkjøringsalternativ for traseen på fylkesvegnettet som ein del av risiko og sårbarheitsvurderinga.
7. Det er av stor betyding at ein sikrar eit godt og attraktivt kollektivtilbod langs E39 med haldeplasser som er tenleg plassert både for å kunne handtere lokaltrafikk og ekspressbussar mellom Stavanger og Bergen.
8. Fylkesutvalet vil peike på behovet for ein rask framdrift, og ønskjer at den vidare planprosessen etter vedteken statleg plan på kommuneplannivå vert avklara. Fylkesutvalet

vil rå til at den vidare planlegginga skal skje i statleg regi. Fylkesutvalet ønskjer å gjennomføre KS2 (kvalitetssikring 2) før reguleringsplan, slik at KS2 blir gjennomført på grunnlag av vedteken statleg plan på kommunedelplannivå.

Oversendingsforslag frå Gustav Bahus

Sak om *Mogeleghetsstudie for fylkesvegar knytt til E39 Bergen-Rogaland* vert fremja som eiga sak til politisk handsaming. Her må også høyringsuttalar frå berørte kommunar handsamast.

Protokollmerknad frå Tom Skauge

Partia SV, MDG ber om at administrasjonen gir svar på desse spørsmåla fram til Fylkesutvalet sitt møte:

1. Er det rett at trafikkprognosane i KVVU og KS1 ikkje er i tråd med erfaringstal vi har til no? KVVU og KS1 legger til grunn ein årlig vekst i ÅDT på 2% i året fram til 2022. Trafikkvekst frå 2012 ligg på under 0,8 %.
2. Kva er dei ulike alternativa prisa til?
3. Kva kartlegging av miljø og kostnader vert planlagt av den kunstige øya som no er eit aktuelt alternativ?
4. Fylkesordførar viste i ein replikk under Hordfastkonferansen til nye utgreiingar om kostnader og bompengar. Vert desse tala lagt fram for Fylkesutvalet?
5. Kva data har Staten for klimautslepp frå dei ulike trasealternativa?
6. Korleis vil tal for samfunnsøkonomisk lønsemd vera om ein legg til grunn den same renta for diskontering (4%) som for ny jernbane Arna-Voss og E16.
7. Kva følger får det for planlegging av Hordfast at Ap og Høgre i Rogaland ikkje vil akseptere den noverande planen for Rogfast fordi bompengesatsen vert for høg når staten berre skal betale 12 prosent av kostnadene.

Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 09.06.2015

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag på vegner av MDG og SV:

«1. Alternativt til heile rådmannen sitt framlegg:

Planprogrammet for E39 syner at motorveg med fire felt med fart på 110 km/t fører til uakseptabel øydelegging av verdfull natur i Sunnhordland, over Bjørnafjorden og i Os.

Alle traseval vil gje ein firedobling av trafikken i høve til trafikktalet i dag. 14000 ÅDT vil gje trafikkaos i møte med det overbelasta vegenettet i Bergen.

Motorvegprosjektet strir mot våre klimamål og mål om at all trafikkvekst i byane skal koma med kollektivtilbod, sykkel eller gange.

Planutgreiinga for E39 Hordfast midtre trase må stogkast. Fylkesutvalet ber departementet koma attende med ny utgreiing om alternativ trafikksikker tofelts veg i indre trase og med eit alternativ for miljøvenlege ferjer.

Hordfast er eit gigantisk vegprosjekt utan truverde og realisme der kostnadene allereie er langt høgare enn det som KVVU og KS1 la til grunn. Den sterke uroa i Os og i andre bygder som vert råka gjer at ein må rekne med at prisen vil auka kraftig i vidare prosjektering.

Den akutte situasjonen for E16 er livsfarlig både for bil- og tog trafikken. Samferdselsminister Solsvik-Olsen har gitt klare signal om at Hordaland må velja mellom prosjekta. I revidert nasjonalbudsjett blei det ikkje framlagt noko om strakstiltak for å sikre Vossebanen og E16.

Svein Halleraker (H) sette fram slikt forslag på vegner av Frp, H, V, Ap og Krf:

- «1. Fylkesutvalet er nøgd med planprogrammet, og meiner at dei føreslåtte traseane gir eit

godt grunnlag for vidare arbeid med statleg plan på kommunedelplannivå for E39 Stord-Os.

2. Fylkesutvalet vil peike på at trasealternativet med dagline over Søre Øyane har store konsekvensar for friluftsliv, natur, kulturmiljø og landskap. Fylkesutvalet er samd med departementet sin innstilling om at dette alternativet er lite aktuelt, og at det ikkje bør utgreiast vidare som eit alternativ.
3. Fylkesutvalet vil peike på at området kring Bårdsundet er svært sårbart med store verdier for kulturminne, friluftsliv, naturmiljø og landskap. Planlegginga må ta særskilt omsyn til verdiane i dette området.
4. Fylkesutvalet vil generelt rå ifrå traseval som kjem i konflikt med freda kulturminne og viktige kulturmiljø av særskild høg verdi. Alternativ D og E gjennom Uggdal og Uggdalsdalen på Tysnes har store konflikter med automatisk freda kulturminne, og må vurderast særskilt i det vidare planarbeidet.
5. Fylkesutvalet vil peike på betydinga av å optimalisere det samla vegsystemet i området, og er nøgd med at planprogrammet fokuserer på tilknytningar til E39 på strekninga. Fylkesutvalet ber om at mogleighetsstudie for fylkesvegar knytt til E39 Bergen-Rogaland vert lagt til grunn for det vidare arbeidet. For å få full effekt av E39 ber fylkesutvalet om at den statlege planen vurderer, og kjem med framlegg til kryssløysingar, som står opp om konklusjonane i mogleighetsstudiet for framtidige tverrsamband til feriefri E39.
6. Fylkesutvalet understrekar betydinga av å vurdere omkjøringsalternativ for traseen på fylkesvegnettet som ein del av risiko- og sårbarheitsvurderinga.
7. Det er av stor betyding at ein sikrar eit godt og attraktivt kollektivtilbod langs E39 med haldeplasser som er tenleg plassert både for å kunne handtere lokaltrafikk og ekspressbussar mellom Stavanger og Bergen.
8. Fylkesutvalet vil peike på behovet for ein rask framdrift, og ønskjer at den vidare planprosessen etter vedteken statleg plan på kommunepalannivå vert avklara. Fylkesutvalet vil rå til at den vidare planlegginga skal skje i statleg regi. Fylkesutvalet ønskjer å gjennomføre KS2 (kvalitetssikring 2) for reguleringsplan, slik at KS2 blir gjennomført på grunnlag av vedteken statleg plan på kommunedelplannivå

Oversendingsframlegg til fylkesrådmannen;

«Sak om *Mogleighetsstudie for fylkesvegar knytt til E39 Bergen-Rogaland* vert fremja som eiga sak til politisk handsaming. Her må også høyringsuttalar frå berørte kommunar handsamast.»

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slik protokollmerknad på vegner av MDG og SV:

«MDG og SV ber om at administrasjonen gir svar på desse spørsmåla frem til Fylkesutvalet sitt møte:

1. Er det rett at trafikkprognosane i KVU og KS1 ikkje er i tråd med erfaringstal vi har til no? KVU og KS1 legger til grunn ein årlig vekst i ÅDT på 2% i året frem til 2022. Trafikkvekst frå 2012 ligg på under 0,8 %.
2. Kva er dei ulike alternativa prisa til?
3. Kva kartlegging av miljø og kostnader vert planlagt av den kunstige øya som no er eit aktuelt alternativ?
4. Fylkesordførar viste i ein replikk under Hordfastkonferansen til nye utgreiingar om kostnader og bompengar. Vert desse tala lagt frem for Fylkesutvalet?
5. Kva er data har Staten for klimautslepp frå dei ulike trasealternativa?

6. Korleis vil tal for samfunnsøkonomisk lønsemd vera om ein legg til grunn den same renta for diskontering (4%) som for ny jernbane Arna-Voss og E16.
7. Kva følger får det for planlegging av Hordfast at Ap og Høgre i Rogaland ikkje vil akseptere den noverande planen for Rogfast fordi bompengesatsen vert for høg når staten berre skal betale 12 prosent av kostnadene.»

Røysting

Fylkesrådmannen si innstilling fekk ingen røyster og fall.

Tomren sitt forslag fekk 2 røyster (MDG) og fall.

Halleraker sitt forslag blei vedteke mot 2 søyster (MDG)..

Innstilling

1. Fylkesutvalet er nøgd med planprogrammet, og meiner at dei føreslåtte traseane gir eit godt grunnlag for vidare arbeid med statleg plan på kommunedelplannivå for E39 Stord-Os.
2. Fylkesutvalet vil peike på at trasealternativet med dagline over Søre Øyane har store konsekvensar for friluftsliv, natur, kulturmiljø og landskap. Fylkesutvalet er samd med departementet sin innstilling om at dette alternativet er lite aktuelt, og at det ikkje bør utgreiast vidare som eit alternativ.
3. Fylkesutvalet vil peike på at området kring Bårdsundet er svært sårbart med store verdiar for kulturminne, friluftsliv, naturmiljø og landskap. Planlegginga må ta særskilt omsyn til verdiane i dette området.
4. Fylkesutvalet vil generelt rå ifrå traseval som kjem i konflikt med freda kulturminne og viktige kulturmiljø av særskilt høg verdi. Alternativ D og E gjennom Uggdal og Uggdalsdalen på Tysnes har store konflikhtar med automatisk freda kulturminne, og må vurderast særskilt i det vidare planarbeidet.
5. Fylkesutvalet vil peike på betydinga av å optimalisere det samla vegsystemet i området, og er nøgd med at planprogrammet fokuserer på tilknyttingar til E39 på strekninga. Fylkesutvalet ber om at mogleighetsstudie for fylkesveggar knytt til E39 Bergen-Rogaland vert lagt til grunn for det vidare arbeidet. For å få full effekt av E39 ber fylkesutvalet om at den statlege planen vurderer, og kjem med framlegg til kryssløysingar, som står opp om konklusjonane i mogleighetsstudiet for framtidige tverrsamband til ferjefri E39.
6. Fylkesutvalet understrekar betydinga av å vurdere omkjøringsalternativ for traseen på fylkesvegnettet som ein del av risiko- og sårbarheitsvurderinga.
7. Det er av stor betyding at ein sikrar eit godt og attraktivt kollektivtilbod langs E39 med haldeplasser som er tenleg plassert både for å kunne handtere lokaltrafikk og ekspressbussar mellom Stavanger og Bergen.
8. Fylkesutvalet vil peike på behovet for ein rask framdrift, og ønskjer at den vidare planprosessen etter vedteken statleg plan på kommuneplannivå vert avklara. Fylkesutvalet vil rå til at den vidare planlegginga skal skje i statleg regi. Fylkesutvalet ønskjer å gjennomføre KS2 (kvalitetssikring 2) før reguleringsplan, slik at KS2 blir gjennomført på grunnlag av vedteken statleg plan på kommunedelplannivå

Oversending til fylkesrådmannen:

Sak om *Mogleighetsstudie for fylkesveggar knytt til E39 Bergen-Rogaland* vert fremja som eiga sak til politisk handsaming. Her må også høyringsuttalar frå berørte kommunar handsamast.

Protokollmerknad frå Tom Sverre Tomren på vegner av MDG og SV:

MDG og SV ber om at administrasjonen gir svar på desse spørsmåla frem til Fylkesutvalet sitt møte:

1. Er det rett at trafikkprognosane i KVU og KS1 ikkje er i tråd med erfaringstal vi har til no? KVU og KS1 legger til grunn ein årlig vekst i ÅDT på 2% i året frem til 2022. Trafikkvekst frå 2012 ligg på under 0,8 %.

2. Kva er dei ulike alternativa prisa til?
3. Kva kartlegging av miljø og kostnader vert planlagt av den kunstige øya som no er eit aktuelt alternativ?
4. Fylkesordførar viste i ein replikk under Hordfastkonferansen til nye utgreiingar om kostnader og bompengar. Vert desse tala lagt frem for Fylkesutvalet?
5. Kva er data har Staten for klimautslepp frå dei ulike trasealternativa?
6. Korleis vil tal for samfunnsøkonomisk lønsemd vera om ein legg til grunn den same renta for diskontering (4%) som for ny jernbane Arna-Voss og E16.
7. Kva følger får det for planlegging av Hordfast at Ap og Høgre i Rogaland ikkje vil akseptere den noverande planen for Rogfast fordi bompengesatsen vert for høg når staten berre skal betale 12 prosent av kostnadene.»

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"1. Alternativ til heile framlegget frå fylkesrådmannen:

Planprogrammet for E39 syner at motorveg med fire felt med fart på 110 km/t fører til uakseptabel øydelegging av verdfull natur i Sunnhordland, over Bjørnafjorden og i Os.

Alle traseval vil gje ein firedobling av trafikken i høve til trafikktalet i dag. 14000 ÅDT vil gje trafikkaos i møte med det overbelasta vegnettet i Bergen.

Motorvegprosjektet strir mot våre klimamål og mål om at all trafikkvekst i byane skal koma med kollektivtilbod, sykkel eller gange.

Planutgreiinga for E39 Hordfast midtre trase må stogkast. Fylkesutvalet ber departementet koma attende med ny utgreiing om alternativ trafikksikker tofelts veg i indre trase og med eit alternativ for miljøvenlege ferjer.

Hordfast er eit gigantisk vegprosjekt utan truverde og realisme der kostnadene allereie er langt høgare enn det som KVU og KS1 la til grunn. Den sterke uroa i Os og i andre bygder som vert råka gjer at ein må rekne med at prisen vil auka kraftig i vidare prosjektering.

Den akutte situasjonen for E16 er livsfarlig både for bil- og tog trafikken. Samferdselsminister Solsvik-Olsen har gitt klare signal om at Hordaland må velja mellom prosjekta. I revidert nasjonalbudsjett blei det ikkje framlagt noko om strakstiltak for å sikre Vossebanen og E16."

Røysting

Fylkesordføraren la innstillinga frå samferdselsutvalet til grunn for røystinga.

Innstillinga vart vedteken med 14 røyster mot 1 røyst (SV) for Oen sitt forslag.

Vedtak

1. Fylkesutvalet er nøgd med planprogrammet, og meiner at dei føreslåtte traséane gir eit godt grunnlag for vidare arbeid med statleg plan på kommunedelplannivå for E39 Stord-Os.
2. Fylkesutvalet vil peike på at traséalternativet med dagline over Søre Øyane har store konsekvensar for friluftsliv, natur, kulturmiljø og landskap. Fylkesutvalet er samd med departementet si innstilling om at dette alternativet er lite aktuelt, og at det ikkje bør utgreiast vidare som eit alternativ.
3. Fylkesutvalet vil peike på at området kring Bårdsundet er svært sårbart med store verdier for kulturminne, friluftsliv, naturmiljø og landskap. Planlegginga må ta særskilt omsyn til verdiane i dette området.

4. Fylkesutvalet vil generelt rå ifrå traseval som kjem i konflikt med freda kulturminne og viktige kulturmiljø av særskilt høg verdi. Alternativ D og E gjennom Uggdal og Uggdalsdalen på Tynesnes har store konflikter med automatisk freda kulturminne, og må vurderast særskilt i det vidare planarbeidet.
5. Fylkesutvalet vil peike på betydinga av å optimalisere det samla vegsystemet i området, og er nøgd med at planprogrammet fokuserer på tilknytningar til E39 på strekninga. Fylkesutvalet ber om at moglegheitsstudie for fylkesvegar knytt til E39 Bergen-Rogaland vert lagt til grunn for det vidare arbeidet. For å få full effekt av E39, ber fylkesutvalet om at den statlege planen vurderer og kjem med framlegg til kryssløysingar som stør opp om konklusjonane i moglegheitsstudiet for framtidige tverrsamband til ferjefri E39.
6. Fylkesutvalet understrekar betydinga av å vurdere omkøyringsalternativ for traséen på fylkesvegnettet som ein del av risiko- og sårbarheitsvurderinga.
7. Det er av stor betyding at ein sikrar eit godt og attraktivt kollektivtilbod langs E39 med haldeplasser som er tenleg plassert både for å kunne handtere lokaltrafikk og ekspressbussar mellom Stavanger og Bergen.
8. Fylkesutvalet vil peike på behovet for ei rask framdrift, og ønskjer at den vidare planprosessen etter vedteken statleg plan på kommuneplannivå vert avklart. Fylkesutvalet vil rå til at den vidare planlegginga skal skje i statleg regi. Fylkesutvalet ønskjer å gjennomføre KS2 (kvalitetssikring 2) før reguleringsplan, slik at KS2 blir gjennomført på grunnlag av vedteken statleg plan på kommunedelplannivå.

PS 168/15 Tiltak for å møte omstillingsutfordringane i leverandørindustrien til petroleumsnæringa i Hordaland.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet ser svært alvorleg på den vanskelege situasjonen for leverandørindustrien til petroleumsnæringa og vil ta initiativ til ein samordna regional innsats for denne industrien ved at:

1. Det opprettast eit omstillingsutval med to representantar frå arbeidstakersida, to frå bedriftssida, ein frå IN, ein frå NAV, ein frå kommunane og ein frå fylkeskommunen. Fylkesutvalet velger følgjande to representantar til å delta i omstillingsutvalet:
Mandatet blir å ta initiativ til, og få gjennomført konkrete tiltak og prosjekt for å lette den strukturelle omstillinga i denne sektoren.
2. Fylkesutvalet stiller inntil 5 millionar kroner til disposisjon for delfinansiering av konkrete omstillingstiltak og prosjekt for leverandørindustrien retta mot petroleumsnæringa. Midlane blir tatt frå omstillingsspotten i HNH budsjettet for 2015, som blir forvalta etter behov av fylkeskommunen sjølv eller av Innovasjon Norge Hordaland.
3. Resultata av arbeidet i utvalet og bruken av midlane skal vurderast ved utgangen av 2016 før det blir tatt stilling til eventuell vidareføring.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Tom-Christer Nilsen sette fram slikt forslag:

"Endring i punkt 1:

Det vert oppretta eit omstillingsutval med to representantar frå arbeidstakersida, to frå bedriftssida, ein frå IN, ein frå NAV, ein frå kommunane og to frå fylkeskommunen. (...)"

Nils-Olav Næss gjorde framlegg (a) om Sveinung Valle som representant i omstillingsutvalet.

Inge Reidar Kallevåg gjorde framlegg om Tom-Christer Nilsen som representant.

Nils-Olav Næss sette fram slikt forslag (b):

"Nytt punkt 4:

Fylkesutvalet ber omstillingsutvalet arbeide vidare med problemstillingar knytt til nedgangstidene i heile olje- og gassindustrien. Ein bør ta sikte på kontakt med sentrale

styresmakter og arbeide saman med desse, for å styrke verkemiddelapparatet og arbeide for at oljeselskapa gjennomfører investeringsprosjekt som no blir utsett."

Mona Hellesnes sette fram slikt forslag:

"Endra punkt 1:

Fylkesutvalet ser svært alvorleg på den vanskelege situasjonen for leverandørindustrien til petroleumsnæringa og vil ta initiativ til ein samordna regional innsats for industrien gjennom Regionalt Næringsforum.

Fylkesutvalet ber Regionalt Næringsforum aktivt arbeide for gjennomføring av tiltaka i rapport frå HOG Energi (RS 75/2015 i fylkesutvalet), i tett samarbeid med næringa."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 med Nilsen sitt forslag vart vedteke med 13 røyster mot 2 røyster (V, KrF) for Hellesnes sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 og 3 vart samrøystes vedteke.

Nilsen sitt forslag og Nøss sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke.

Nøss sitt forslag (b) vart vedteke mot 1 røyst (SV).

Vedtak

Fylkesutvalet ser svært alvorleg på den vanskelege situasjonen for leverandørindustrien til petroleumsnæringa og vil ta initiativ til ein samordna regional innsats for denne industrien ved at:

1. Det vert oppretta eit omstillingsutval med to representantar frå arbeidstakersida, to frå bedriftssida, ein frå IN, ein frå NAV, ein frå kommunane og to frå fylkeskommunen. Fylkesutvalet vel følgjande to representantar til å delta i omstillingsutvalet:

Sveinung Valle
Tom-Christer Nilsen

Mandatet blir å ta initiativ til, og få gjennomført konkrete tiltak og prosjekt for å lette den strukturelle omstillinga i denne sektoren.

2. Fylkesutvalet stiller inntil 5 millionar kroner til disposisjon for delfinansiering av konkrete omstillingstiltak og prosjekt for leverandørindustrien retta mot petroleumsnæringa. Midlane blir tatt frå omstillingspotten i HNH-budsjettet for 2015, som blir forvalta etter behov av fylkeskommunen sjølv eller av Innovasjon Norge Hordaland.
3. Resultata av arbeidet i utvalet og bruken av midlane skal vurderast ved utgangen av 2016 før det blir tatt stilling til eventuell vidareføring.
4. Fylkesutvalet ber omstillingsutvalet arbeide vidare med problemstillingar knytt til nedgangstidene i heile olje- og gassindustrien. Ein bør ta sikte på kontakt med sentrale styresmakter og arbeide saman med desse, for å styrke verkemiddelapparatet og arbeide for at oljeselskapa gjennomfører investeringsprosjekt som no blir utsett.

PS 169/15 Høyring til forslag om endring av lov om offentlege anskaffelser og tilhøyrande forskrifter

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet er positive til at regelverket for offentlege anskaffingar vert forenkla, og oppmodar Nærings- og fiskeridepartementet om å leggje til rette for størst mogeleg handlingsrom for offentlege oppdragsgjevarar.
2. Vedtaket og saksframstillinga vert sendt Nærings- og fiskeridepartementet som høyringsfråsegn frå Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet er positiv til at regelverket for offentlege anskaffingar vert forenkla, og oppmodar Nærings- og fiskeridepartementet om å leggje til rette for størst mogeleg handlingsrom for offentlege oppdragsgjevarar.
2. Vedtaket og saksframstillinga vert sendt Nærings- og fiskeridepartementet som høyringsfråsegn frå Hordaland fylkeskommune.

PS 170/15 Melding om kystskogbruket 2015

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til Melding om kystskogbruket 2015.
2. Hordaland fylkeskommune vil følgje opp Kystskogbruksmeldinga i samarbeid med dei andre deltakande fylkeskommunane.
3. Arbeidet med å følgje opp Kystskogbruksmeldinga vil verte finansiert over "Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland."

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Stein Inge Ryssdal sette fram slikt forslag:

"Alternativ til punkt 1:
Hordaland fylkeskommune tar Melding om kystskogbruket 2015 til orientering.

Røysting

Ryssdal sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag til punkt 1.

Fylkesrådmannen sitt forslag til punkt 2 og 3 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune tar Melding om kystskogbruket 2015 til orientering
2. Hordaland fylkeskommune vil følgje opp Kystskogbruksmeldinga i samarbeid med dei andre deltakande fylkeskommunane.
3. Arbeidet med å følgje opp Kystskogbruksmeldinga vil verte finansiert over "Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland".

PS 171/15 Biosfære Nordhordland

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune støttar søknaden om at Nordhordland får status som Biosfæreområde i medhald av Unesco-programmet Man and Biosphere. Det vil styrkje samarbeidet og medverke til ei berekraftig utvikling i regionen.

Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 02.06.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune støttar søknaden om at Nordhordland får status som Biosfæreområde i

medhald av Unesco-programmet Man and Biosphere. Det vil styrkje samarbeidet og medverke til ei berekraftig utvikling i regionen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune støttar søknaden om at Nordhordland får status som Biosfæreområde i medhald av Unesco-programmet Man and Biosphere. Det vil styrkje samarbeidet og medverke til ei berekraftig utvikling i regionen.

PS 172/15 Søknad om 132kV-kraftleidning Dalsbotnfjellet-Frøyset. Fråsegn Hordaland fylkeskommune.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune rår til bygging av kraftlina Dalsbotnfjellet-Frøyset.
2. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekket konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 02.06.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune rår til bygging av kraftlina Dalsbotnfjellet-Frøyset.
2. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekket konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune rår til bygging av kraftlina Dalsbotnfjellet-Frøyset.
2. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekket konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

PS 173/15 Avklaring på vegen vidare for Næringsbarometeret Hordaland

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet er positiv til ei vidare satsing på Næringsbarometeret for Hordaland. Fylkesutvalet vil ta endeleg avgjerd om vidareføring i samband med budsjettframlegget for 2016.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Terje Søviknes sette på vegner av Frp, H, V, A, Sp, SV og KrF fram slikt forslag:

"Alternativ:

Fylkesutvalet er positiv til å gjennomføra Næringsbarometeret 2015 i fylkeskommunal regi. Fylkesutvalet vil ta endeleg avgjerd om vidareføring i samband med budsjettframlegget for 2016."

Røysting

Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for innstillinga.

Vedtak

Fylkesutvalet er positiv til å gjennomføra Næringsbarometeret 2015 i fylkeskommunal regi. Fylkesutvalet vil ta endeleg avgjerd om vidareføring i samband med budsjettframlegget for 2016.

PS 174/15 Regional areal- og transportplan for Bergensområdet - Vedtak av høringsforslag

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å sende forslag til *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn. Høyringsfristen vert satt til 1. oktober.

Saksprotokoll i opplærings- og helseutvalet - 02.06.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å sende forslag til *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn. Høyringsfristen vert sett til 1. oktober.

Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 02.06.2015

Anne-Beth Njærheim (V) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Nytt pkt.2. Fylkesutvalet legg til grunn at prinsippet for prioritering av vekst og vern i høve til kulturminne og friluftsliv må greiast ut nærmare.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Njærheim sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å sende forslag til *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn. Høyringsfristen vert satt til 1. oktober.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at prinsippet for prioritering av vekst og vern i høve til kulturminne og friluftsliv må greiast ut nærmare.»

Saksprotokoll i samferdselsutvalet - 03.06.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å sende forslag til *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn. Høyringsfristen vert sett til 1. oktober.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Fylkesordføraren la innstillinga frå kultur- og ressursutvalet til grunn for røystinga.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å sende forslag til *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn. Høyringsfristen vert sett til 1. oktober.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at prinsippet for prioritering av vekst og vern i høve til kulturminne og friluftsliv må greiast ut nærare.

PS 175/15 "Hovedrapport fra analyse og strategifasen", NTP 2018 - 2027- uttale

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet stør måla og strategiane i hovudrapporten «Utfordringer for framtidens transportsystem» for Nasjonal transportplan 2018- 2027, og vil også be om transportetatane legg opp til at

- Staten må dekkja 70% av investeringskostnadene for bybanen i Bergen og styrka dei økonomiske rammene for drift av kollektivtrafikken.
- E39 Stavanger – Bergen vert satsa på som den viktigaste korridoren for nasjonal vekst og verdiskaping.
- Overføringane til ferjedrifta må aukast betydeleg for å sikra ein meir driftssikker og miljøvennleg ferjeflåte i fylket.
- Rassikring må omtalast som eit eige satsingsområde under transporttryggleik.

Fylkesutvalet viser også til fylkesrådmannen sine merknader og sluttar seg til desse.

Saksprotokoll i samferdselsutvalet - 03.06.2015

Jostein Ljones sett på vegne av utvalet fram forslag til nytt pkt.

E16 Bergen - Voss er ein viktig korridor for nasjonal vekst og utvikling og må prioriterast i fyrste del av planperioden. Dei akutte utfordringane på strekkja må løysast raskt og traseval for framtidig ny veg og bane må vedtakast i nær framtid.

Tom Skauge sette fram forslag til ny innstilling.

1. Staten må dekkja 70% av investeringskostnadene for bybanen i Bergen og styrka dei økonomiske rammene for drift av kollektivtrafikken.
2. Bergensbanen, E16 og E39 Stavanger – Bergen vert satsa på som dei viktigaste korridorane for nasjonal vekst og verdiskaping i vårt fylke. Fylkestinget prioriterer korridorane slik:
 - a. Ny Vossabane og E16 etter alternativ K5 inn i NTP frå 2018.
 - b. Gode og sikre bruksveger på heile strekninga Kristiansand-Trondheim. Sikring mot ras i Romarheimsdalen er høgt prioritert.
 - c. Fylkestinget meiner ei bru over Bjørnefjorden øydelegger eit verdfullt fjordlandskap. Tinget ber Regjeringa opne for ny vurdering av alternativ indre trase og alternativ ferje.
3. Overføringane til ferjedrifta må aukast betydeleg for å sikra ein meir driftssikker og miljøvennleg ferjeflåte i fylket.

Tillegg:

Fylket har som mål at alle ferjer og minst 80% av bussane skal ha nullutslepp seinast 2025.

Rassikring må omtalast som eit eige satsingsområde under transporttryggleik.

Tillegg:

Strategien må opne for tilskot til lågare pris på regiontog for å få fleire bilistar over til miljøvennleg og trafikksikker jernbane.

Strategien må opne for betre statleg finansiering av vedlikehald av fylkesvegar. Snittida for nytt dekke må bli halvert.

Merknad:

Samferdselsutvalet ber Fylkesordførar ta kontakt med Regjeringa med sikte på å få ein større reduksjon av takstane på togbillett mellom Voss og Bergen for å stimulera til overgang frå bil til bane.

Einar Lutro sette fram forslag om å stryka siste den av siste kulepunkt i innstillinga.

Stein Inge Ryssdal sette fram forslag til vedtak:

"Det vert oppretta eit kontaktutval for E16 og bane Bergen-Voss etter modell frå kontaktutvalget for E39 Hordfast. I kontaktutvalet må også jernbaneinteresser vera representert."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling med kulepkt. 1-3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Einar Lutro sitt forslag om å endra siste kulepkt. vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Jostein Ljones sitt forslag til nytt pkt. vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Stein Inge Ryssdal sitt forslag til nytt pkt. vart samrøystes vedteke.

Tom Skauge sine forslag til endringar i innstillinga og tilleggspkt. fekk 1 røyst og fall.

Tom Skauge sitt forslag til merknad vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Vedtak

Det vert oppretta eit kontaktutval for E16 og bane Bergen-Voss etter modell frå kontaktutvalget for E39 Hordfast. I kontaktutvalet må også jernbaneinteresser vera representert.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet stør måla og strategiane i hovudrapporten «Utfordringer for framtidens transportsystem» for Nasjonal transportplan 2018- 2027, og vil også be om transportetatane legg opp til at

- Staten må dekke 70% av investeringskostnadene for bybanen i Bergen og styrka dei økonomiske rammene for drift av kollektivtrafikken.
- E39 Stavanger – Bergen vert satsa på som den viktigaste korridoren for nasjonal vekst og verdiskaping.
- Overføringane til ferjedrifta må aukast betydeleg for å sikra ein meir driftssikker og miljøvennleg ferjeflåte i fylket.
- Rassikring må omtalast som eit eige satsingsområde.
- E16 Bergen - Voss er ein viktig korridor for nasjonal vekst og utvikling og må prioriterast i fyrste del av planperioden. Dei akutte utfordringane på strekkja må løysast raskt og traseval for framtidig ny veg og bane må vedtakast i nær framtid.

Fylkesutvalet viser også til fylkesrådmannen sine merknader og sluttar seg til desse.

Merknad:

Samferdselsutvalet ber Fylkesordførar ta kontakt med Regjeringa med sikte på å få ein større reduksjon av takstane på togbillett mellom Voss og Bergen for å stimulera til overgang frå bil til bane.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Alternativ til innstillinga:

1. Staten må dekke 70% av investeringskostnadene for bybanen i Bergen og styrka dei økonomiske rammene for drift av kollektivtrafikken.
2. Bergensbanen, E16 og E39 Stavanger – Bergen vert satsa på som dei viktigaste korridorane for nasjonal vekst og verdiskaping i vårt fylke. Fylkestinget prioriterer korridorane slik:
 - a) Ny Vossabane og E16 etter alternativ K5 inn i NTP frå 2018.
 - b) Gode og sikre bruksveger på heile strekninga Kristiansand-Trondheim. Sikring mot ras i Romarheimsdalen er høgt prioritert.
 - c) Fylkestinget meiner ei bru over Bjørnefjorden øydelegger eit verdfullt fjordlandskap. Tinget ber Regjeringa opne for ny vurdering av alternativ indre trase og alternativ ferje.
3. Overføringane til ferjedrifta må aukast betydeleg for å sikra ein meir driftssikker og miljøvennleg ferjeflåte i fylket.

Tillegg:

Fylket har som mål at alle ferjer og minst 80% av bussane skal ha nullutslepp seinast 2025.

Rassikring må omtalast som eit eige satsingsområde under transporttryggleik.

Tillegg:

Strategien må opne for tilskot til lågare pris på regiontog for å få fleire bilistar over til miljøvennleg og trafikksikker jernbane.

Strategien må opne for betre statleg finansiering av vedlikehald av fylkesvegar. Snittida for nytt dekke må bli halvert."

Røysting

Innstillinga vart vedteken med 14 røyster mot 1 røyst (SV) for Oen sitt forslag.

Vedtak

Fylkesutvalet stør måla og strategiane i hovudrapporten "Utfordringer for framtidens transportsystem» for Nasjonal transportplan 2018- 2027, og vil også be om transportetatane legg opp til at

- Staten må dekke 70 % av investeringskostnadene for bybanen i Bergen og styrka dei økonomiske rammene for drift av kollektivtrafikken.
- E39 Stavanger – Bergen vert satsa på som den viktigaste korridoren for nasjonal vekst og verdiskaping.
- Overføringane til ferjedrifta må aukast betydeleg for å sikra ein meir driftssikker og miljøvennleg ferjeflåte i fylket.
- Rassikring må omtalast som eit eige satsingsområde.
- E16 Bergen - Voss er ein viktig korridor for nasjonal vekst og utvikling og må prioriterast i fyrste del av planperioden. Dei akutte utfordringane på strekkja må løysast raskt og traseval for framtidig ny veg og bane må vedtakast i nær framtid.

Fylkesutvalet viser også til fylkesrådmannen sine merknader og sluttar seg til desse.

PS 176/15 Omstillingsmidlar 2015

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtar slik fordeling av omstillingsmidlar i 2015:

1. Inntil 5,0 mill. kroner vert brukt på tiltak for å møte utfordringane i leverandørindustrien til petroleumsnæringa i Hordaland
2. Inntil 5,4 mill. kroner vert sett av til framtidige omstillingsbehov i kommunar eller regionar.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å sette i verk omstillingstiltak.
Prosjekta må vere tidsavgrensa slik at nye prosjekt kan kome inn og få støtte.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Tillegg:
Midlane må i størst mogleg grad rettast mot fornybar teknologi og fornybar satsing."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Oen sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (H, FrP).

Vedtak

Fylkesutvalet vedtar slik fordeling av omstillingsmidlar i 2015:

1. Inntil 5,0 mill. kroner vert brukt på tiltak for å møte utfordringane i leverandørindustrien til petroleumsnæringa i Hordaland.
2. Inntil 5,4 mill. kroner vert sett av til framtidige omstillingsbehov i kommunar eller regionar.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å sette i verk omstillingstiltak.

Prosjekta må vere tidsavgrensa slik at nye prosjekt kan kome inn og få støtte.

Midlane må i størst mogleg grad rettast mot fornybar teknologi og fornybar satsing.

PS 177/15 Stedfortrader for fylkesrådmannen

Forslag til vedtak

1. Fylkesdirektør økonomi og organisasjon vert fast stedfortredar for fylkesrådmannen.
2. Det vert gitt ein kompensasjon på kr. 50.000 pr år for funksjonen.
3. Ordninga gjeld frå 1.6.2015.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesdirektør økonomi og organisasjon vert fast stedfortredar for fylkesrådmannen.
2. Det vert gitt ein kompensasjon på kr. 50.000 pr. år for funksjonen.
3. Ordninga gjeld frå 01.06.2015.

PS 178/15 Nytt reglement for "Reiser i Hordaland fylkeskommune"

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtar nytt reglement, Reiser i Hordaland fylkeskommune, med verknad frå 01.07.2015.

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 17.06.2015

Røysting:

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke mot 3 røyster (LO-K, YS-K, UNIO).

Innstilling

Fylkesutvalet vedtar nytt reglement, Reiser i Hordaland fylkeskommune, med verknad frå 01.07.2015.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Fylkesrådmannen sette fram slikt forslag:

"Saka vert utsett."

Årsak: Det ligg føre ny informasjon som må vurderast.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

PS 179/15 Kommunale ferjekaiar i fylkesvegsambanda**Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet godkjenner at det vert sett i gong ein prosess med sikte på å ta over eigarskap og drift/vedlikehald av dei kommunale ferjekaiane som vert nytta i fylkesferjesambanda. Prosessen må avklara på kva vilkår slik overdraging kan finna stad, og dei økonomiske fylgjene av det.

Saksprotokoll i samferdselsutvalet - 03.06.2015**Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet godkjenner at det vert sett i gong ein prosess med sikte på å ta over eigarskap og drift/vedlikehald av dei kommunale ferjekaiane som vert nytta i fylkesferjesambanda. Prosessen må avklara på kva vilkår slik overdraging kan finna stad, og dei økonomiske fylgjene av det.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Siri Klokkestuen sette på vegner av A, Sp, SV, Krf, Frp, V og H fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Ein ber fylkeskommunen vurdere Skånevik ferjekai i denne saka."

Tom-Christer Nilsen sette fram slikt forslag:

"Tillegg:

Sak om dette legges frem for fylkeskommunale politiske organ."

Røysting

Klokke

stuen sitt forslag vart oversendt til fylkesrådmannen på vegner av forslagsstillarane.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Nilsen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner at det vert sett i gong ein prosess med sikte på å ta over eigarskap og drift/vedlikehald av dei kommunale ferjekaiane som vert nytta i fylkesferjesambanda. Prosessen må avklara på kva vilkår slik overdraging kan finna stad, og dei økonomiske fylgjene av det.

Sak om dette legges frem for fylkeskommunale politiske organ.

PS 180/15 Elbil på ferje

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek utviklinga i trafikktil knytt til bruk av elbil på fylkesvegferjene til orientering.

Saksprotokoll i samferdselsutvalet - 03.06.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet tek utviklinga i trafikktil knytt til bruk av elbil på fylkesvegferjene til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet tek utviklinga i trafikktil knytt til bruk av elbil på fylkesvegferjene til orientering.

PS 181/15 Vedk. ferjetilbodet for Austevoll og Varaldsøy

Forslag til innstilling

- 1 Fylkesutvalet tek orientering om status knytt til ferjetilbodet til og frå Austevoll og Varaldsøy til orientering
- 2 Fylkesutvalet vurderer at det ikkje skal leigast inn ekstra reserveferje eller gjerast endringar i ferje 2-avtalen på Austevoll

Saksprotokoll i samferdselsutvalet - 12.05.2015

Atle Kvåle fremja utsetjingsframlegg.

Administrasjonen vert beden om å utgreia den økonomiske konsekvensen av å gjera dei strakstiltaka som kommunane sjølve har skissert.

Røysting

Utvalet vedtok samrøystes å utsetja saka.

Innstilling

Saka vert utsett og administrasjonen vert beden om å utgreia den økonomiske konsekvensen av å gjera dei strakstiltaka som kommunane sjølve har skissert

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2015

Vedtak

Saka var utsett i samferdselsutvalet, og vart difor ikkje behandla.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Saka vart trekt fordi den var kome på saklista ved ein inkurie

PS 182/15 Fylkeskryssande snøggåtruter i Sunnhordland

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek å legge ned snøggåtrutene i Sunnhordland sitt rutetilbod til Ølen/Utbjoa med snarast mogleg verknad.

Saksprotokoll i samferdselsutvalet - 03.06.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke mot 1 røyst (SV).

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek å legge ned snøggåtrutene i Sunnhordland sitt rutetilbod til Ølen/Utbjoa med snarast mogleg verknad.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek å legge ned snøggåtrutene i Sunnhordland sitt rutetilbod til Ølen/Utbjoa med snarast mogleg verknad.

PS 183/15 Søknad frå Osterøy Ferjeselskap AS om tilskot til ferjesambandet Breistein - Valestrand

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet stadfester vedtaket av 28.08.12 i sak 195/12.

Saksprotokoll i samferdselsutvalet - 03.06.2015

Tom Skauge sette fram forslag til utsetjing.

Røysting

Forslaget til utsetjing fekk 1 røyst og fall.

Tom Skauge sette fram forslag til ny innstilling.

1. Fylkesutvalet er positiv til at folkeferjeselskapet Osterøy Ferjeselskap har bidrege til mindre biltrafikk på E16.
2. Administrasjonen får fullmakt til å forhandle fram ein avtale om støtte til selskapet med sikte på at sambandet vert økonomisk berekraftig også etter at bompengane på brua vert avvikla.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke mot 2 røyster (SV, KRF). Forslaget frå Tom Skauge fekk 2 røyster (SV, KRF) og fall.

Innstilling

Fylkesutvalet stadfester vedtaket av 28.08.12 i sak 195/12.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

1. "Fylkesutvalet er positiv til at folkeferjeselskapet Osterøy Ferjeselskap har bidrege til mindre biltrafikk på E16.
2. Administrasjonen får fullmakt til å forhandle fram ein avtale om støtte til selskapet med sikte på at sambandet vert økonomisk berekraftig også etter at bompengane på brua vert avvikla."

Røysting

Innstillinga vart vedteken med 13 røyster mot 2 røyster (SV, KrF) for Oen sitt forslag.

Vedtak

Fylkesutvalet stadfestar vedtaket av 28.08.2012 i sak 195/12.

PS 184/15 Høyring - Framlegg til forskriftsendringar - Krav om relevant kompetanse i undervisningsfag

Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune støttar framlegget om at lærarar som før 01.01.2014 fylte krava til tilsetting, framleis bør vere unntatt kravet om eit gitt tall studiepoeng relevant kompetanse for å undervise i det enkelte fag i den vidaregåande skulen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune støttar framlegget om at lærarar som før 01.01.2014 fylte krava til tilsetting, framleis bør vere unntatt kravet om eit gitt tall studiepoeng relevant kompetanse for å undervise i det enkelte fag i den vidaregåande skulen.

PS 185/15 Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren - budsjettfordeling nr. 3 - 2015

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren i 2015 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 639.020.00	02320	02143	Årstad vgs – Bygg C - Rehabilitering	5 000 000	
10 646.020.00	02320	03236	Os vgs – Utbetring av ventilasjon	7 000 000	
10 648.020.00	02320	03230	Austevoll vgs. – Inneklima	2 700 000	
10 628.020.00	02320	02131	Odda vgs skole – Yrkesfagb. – rehab.	5 000 000	
10 777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		19 700 000
				19 700 000	19 700 000

Saksprotokoll i opplærings- og helseutvalet - 02.06.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes godkjent.

Innstilling

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren i 2015 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	639.020.00	02320	02143	Årstad vgs – Bygg C - Rehabilitering	5 000 000	
10	646.020.00	02320	03236	Os vgs – Utbetring av ventilasjon	7 000 000	
10	648.020.00	02320	03230	Austevoll vgs. – Inneklima	2 700 000	
10	628.020.00	02320	02131	Odda vgs skole – Yrkesfagb. – rehab.	5 000 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		19 700 000
				19 700 000	19 700 000	

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren i 2015 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	639.020.00	02320	02143	Årstad vgs – Bygg C - Rehabilitering	5 000 000	
10	646.020.00	02320	03236	Os vgs – Utbetring av ventilasjon	7 000 000	
10	648.020.00	02320	03230	Austevoll vgs. – Inneklima	2 700 000	
10	628.020.00	02320	02131	Odda vgs skole – Yrkesfagb. – rehab.	5 000 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		19 700 000
				19 700 000	19 700 000	

PS 186/15 Høring - Framlegg til revidert læreplan for Vg1 service og samferdsel

Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune støttar i hovudsak framlegga til endring i læreplanen for Vg1 *Service og samferdsel*, med dei merknadane som kjem fram av skjemaet for høringssvar.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune støttar i hovudsak framlegga til endring i læreplanen for Vg1 *Service og samferdsel*, med dei merknadane som kjem fram av skjemaet for høringssvar.

PS 187/15 Oppfølging av skulebruksplanen (SBP) – løypemelding vår 2015

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek saka til orientering

Saksprotokoll i opplærings- og helseutvalet - 02.06.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet tek saka til orientering

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

PS 188/15 Lærlingklausul i offentlege kontraktar

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet er positive til at føreseigna knytt til lærlingklausul i forskrift om offentlege anskaffingar vert utvida, og legg til grunn at fylkeskommunen vil rette seg etter ny forskriftstekst.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet er positiv til at føreseigna knytt til lærlingklausul i forskrift om offentlege anskaffingar vert utvida, og legg til grunn at fylkeskommunen vil rette seg etter ny forskriftstekst.

PS 189/15 Samlokalisering av Bergen tekniske fagskole (BTF) og Bergen maritime fagskole (BMF)

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek at det vert arbeidd vidare med alternativet Nedre Nygård som framtidig lokalisering for Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole.

Saksprotokoll i opplærings- og helseutvalet – 02.06.2015

Representanten **Aslaug Hellesøy** sette fram følgjande tilleggsforslag på vegner av heile utvalet:

Punkt 1: Som fylkesrådmannen

Punkt 2: Det må takast omsyn til at antal fagskular skal reduserast frå 46 til under 10. Fagskolen i Hordaland bør ha som mål å styrka sin posisjon. Det må takast omsyn til ein framtidig vekst i antal studentar ved Fagskolen i Hordaland.

Punkt 3: Da fagskolen har stor søknad og fleire søkjarar ikkje idag får tilbod grunna mangel på finansiering og plass, må det setjast av nok areal for å møta dette på sikt.

Punkt 4: Fylkestinget ber om at det i det vidare arbeidet med Nedre Nygård blir lagt til grunn at Hordaland Helsefagskole eventuelt kan samlokalisert i same lokale.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke saman med Hellesøy sine tilleggsforslag.

Innstilling

- 1 Fylkestinget vedtek at det vert arbeidd vidare med alternativet Nedre Nygård som framtidig lokalisering av Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole.
- 2 Det må takast omsyn til at antal fagskular skal reduserast frå 46 til under 10. Fagskolen i Hordaland bør ha som mål å styrka sin posisjon. Det må takast omsyn til ein framtidig vekst i antal studentar ved Fagskolen i Hordaland.
- 3 Da fagskolen har stor søknad og fleire søkjarar ikkje idag får tilbod grunna mangel på finansiering og plass, må det setjast av nok areal for å møta dette på sikt.
- 4 Fylkestinget ber om at det i det vidare arbeidet med Nedre Nygård blir lagt til grunn at Hordaland Helsefagskole eventuelt kan samlokaliseras i same lokale.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2015

Saka var utsett i opplærings- og helseutvalet, og vart difor ikkje behandla.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek at det vert arbeidd vidare med alternativet Nedre Nygård som framtidig lokalisering av Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole.
2. Det må takast omsyn til at talet på fagskular skal reduserast frå 46 til under 10. Fagskolen i Hordaland bør ha som mål å styrka sin posisjon. Det må takast omsyn til ein framtidig vekst i talet på studentar ved Fagskolen i Hordaland.
3. Då fagskolen har stor søknad og fleire søkjarar ikkje i dag får tilbod grunna mangel på finansiering og plass, må det setjast av nok areal for å møta dette på sikt.
4. Fylkestinget ber om at det i det vidare arbeidet med Nedre Nygård blir lagt til grunn at Hordaland Helsefagskole eventuelt kan samlokaliseras i same lokale.

PS 190/15 Oppnemning av saksordførar for lærlingeplan og lærlingeprogno

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Fylkesutvalet sette saka på sakskartet utan saksførelegg.

Mona Hellesnes gjorde framlegg om å oppnemne Anne Beth Njærheim som saksordførar for lærlingeplan og lærlingeprogno.

Røysting

Hellesnes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Anne Beth Njærheim vert oppnemnd som saksordførar for lærlingeplan og lærlingeprogno.

PS 191/15 Indikatorar for arealbruk og parkering for oppfølging av bymiljøavtalar - høyring

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

RS 93/15 vart sett på sakskartet som politisk sak (PS) utan saksførelegg.

Tom-Christer Nilsen sette fram slikt forslag:

"Hordaland fylkeskommune sluttar seg i hovudsak til arbeidsgruppa sine anbefalingar, slik det vart framstilt av brev datert 24. februar 2015 frå Statens vegvesen. Det er positivt at det no vert føreslått indikatorar som er enklare å handtere ved oppfølging av bymiljøavtalane. Det er viktig at prinsippet om lokalt sjølvstyre vert lagt til grunn for avtalane, og at indikatorar knytt til innsatsområda ikkje svekker det enkelte byområde sitt handlingsrom med omsyn til sjølv å velje tiltak og verkemiddel for å nå måla i bymiljøavtalane.

Det vert vidare føresett at endeleg opplegg for indikatorar for arealbruk og parkering vert fastsett i avtaleteksten for bymiljøavtalen for Bergen."

Røysting

Nilsen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune sluttar seg i hovudsak til arbeidsgruppa sine anbefalingar, slik det vart framstilt av brev datert 24. februar 2015 frå Statens vegvesen. Det er positivt at det no vert føreslått indikatorar som er enklare å handtere ved oppfølging av bymiljøavtalane. Det er viktig at prinsippet om lokalt sjølvstyre vert lagt til grunn for avtalane, og at indikatorar knytt til innsatsområda ikkje svekker det enkelte byområde sitt handlingsrom med omsyn til sjølv å velje tiltak og verkemiddel for å nå måla i bymiljøavtalane.

Det vert vidare føresett at endeleg opplegg for indikatorar for arealbruk og parkering vert fastsett i avtaleteksten for bymiljøavtalen for Bergen.

PS 192/15 Reklame på kollektivtransport

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Fylkesutvalet sette saka på sakskartet utan saksførelegg.

Fylkesrådmannen si orientering i samband med spørsmål frå Aud Karin Oen om reklame på kollektivtransport ligg under PS 193/15 Ymse.

Aud Karin Oen sette på vegner av A, SV og Sp fram slik protokollmerknad:

"Representantane frå partia A, SV og Sp varslar lovlegkontroll av saka og oppfølging av vedtak.

Viser til møte i fylkesutvalet der saka kom opp der fylkesordførar fremja saka i møtet."

Terje Søviknes sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

"Fylkesutvalet syner til orientering frå fylkesrådmannen i møte 18.06.2015 og notat av 11.11.2015 knytt til prosess for gjennomføring av fylkestingets vedtak om reklamefinansiert kollektivtransport (sak 89/13).

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannens tolking av vedtak i sak 89/13."

Torill Selsvold Nyborg sette fram slikt forslag:

"Eg vil gjerne ta orienteringa til fylkesrådmannen til orientering."

Røysting

Søviknes sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (A, Sp, SV, KrF).

Nyborg sitt forslag fekk 1 (KrF) røyst og fall.

Vedtak

Fylkesutvalet syner til orientering frå fylkesrådmannen i møte 18.06.2015 og notat av 11.11.2015 knytt til prosess for gjennomføring av fylkestingets vedtak om reklamefinansiert kollektivtransport (sak 89/13).

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannens tolking av vedtak i sak 89/13.

Protokollmerknad frå A, SV og Sp

Representantane frå partia A, SV og Sp varslar lovlegkontroll av saka og oppfølging av vedtak.

Viser til møte i fylkesutvalet der saka kom opp der fylkesordførar fremja saka i møtet.

PS 193/15 Ymse

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

I samband med PS 182/15 "Fylkeskryssande snøggbåtruter i Sunnhordland" stilte **Siri Klokkestuen** slike spørsmål:

- "Kva konsekvensar vil nedlegging av båten til Ølen få for Fjellbergøy og Borgundøy i Kvinnherad?
- Eg ber om at endringar i Sunnhordlandsruta ikkje må få konsekvensar for Skånevik.
- Kva prisendring har det vore på studentbiletane på Sunnhordlandsruta sidan 2013?"

Spørsmåla vert svart på i neste møte.

SPØRSMÅL

Aud Karin Oen hadde sendt inn slikt spørsmål (1) til fylkesordføraren:

"Reklame på kollektivtransport

Viser til pressemelding frå Skyss Av 11. juni 2015 om: Tildeling av Kontrakt for reklame på buss og bybane i Bergen.

I FT-sak 68/2013 punkt 5: står det: «Fylkesutvalet får tilbake sak, inkludert forslag til retningslinjer, når resultat av forhandlingane ligg føre.»

Slik eg tolkar det skulle saka ha vore til fylkesutvalet før inngått kontrakt, særleg med omsyn til retningslinjene.

Det gjev lite meining å få retningslinjene til politisk førehaving etter inngått kontrakt.

Samstundes føreligg det eit svar til fylkesutvalet på spørsmål frå Silje Hjemdal i protokollen frå fylkesstyremøtet 19. mai om at: «det vil koma informasjon om dette i neste møte.» altså dette møtet. Det føreligg ikkje slik informasjon.

Sv finn det underleg at dette ikkje er førelagt politisk nivå, trass i klart vedtak.

Det er og slik at fylkestinget sitt budsjettvedtak for 2015 legg til grunn ei inntekt på NOK 10 mill. Dette lovlege budsjettvedtaket vert ikkje oppfylt med avtalen. Dette er eit viktig argument for å gje rom for ei demokratisk handsaming.

Spørsmål til fylkesordføraren:

1. Er avtalen inngått slik at det ikkje er mogeleg å vurdere den politisk først?
2. Kva er det som skal vera innhaldet i sak til fylkesutvalet? Jmf. vedtak punkt 5.
3. Når kjem saka til fylkesutvalet?"

Fylkesrådmannen svarte slik:

"Spørsmål 1:

Avtale om reklame på buss og bane i Bergen vert ikkje lagt fram for ny politisk handsaming. Dette er i tråd med vedtaket i desembertinget 2013, sak 68/2013, der det heiter i punkt 3:

"Under føresetnad om tilslutnad i Bergen kommune får fylkesrådmannen fullmakt til å forhandle fram avtale med reklameoperatør for reklame på rullande kollektivmateriell og kollektivterminalar

for fylgjande flater i utandørsmarknaden med organisasjonsform outsourcing:

- a. Buss innvendig
 - o Takbogar
 - o Digitale skjermar der dette er lønsamt i kombinasjon med nyheiter og kommunikasjon frå Skyss, vekeplakatar elles
- b. Bybanen innvendig
 - o Digitale skjermar i kombinasjon med nyheiter og kommunikasjon frå Skyss
- c. Hurtigbåt innvendig
 - o Vekeplakatar (på vegg) og digitale skjermar
- d. Buss utvendig
 - o Lite bakfelt
- e. Terminalar som i dag ikkje er ein del av vegvedlikehaldet."

Avtalen som er inngått omfattar reklame i takbogar og på plakatar innvendig på buss, lite bakfelt utvendig, og digitale skjermar på Bybanen. Konkurransen om reklame på hurtigbåt vart avlyst, med bakgrunn i manglande konkurranse. Med same grunngjeving vart konkurranse om reklame på terminalar avlyst, desse flatene vert i staden inkludert i framtidig avtale om byromsmøblar etc.

Eg syner også til melding i fylkesutvalet 4. desember 2014 (RS 214/14), der det under punktet "Vidare politisk handsaming" heiter:

"Slik det går fram av vedtaket frå Fylkestinget skal Fylkesutvalet ha tilbake sak, inkludert forslag til retningslinjer, når resultatet av forhandlingane med Bergen kommune om fordeling av ytingar frå reklameavtalen til byromsmøblar ligg føre."

Spørsmål 2:

Saka til fylkesutvalet vil vere ei meldingssak med fakta om tildelinga av kontrakt om reklame på rullande kollektivmaterieill i tillegg til ei statusorientering om framdrifta i del to av prosjektet som omfattar reklamefinansierte leskur, reklame på haldeplassar og byromsmøblar. Eg syner også til melding gitt i fylkesutvalet 4. desember 2014.

Spørsmål 3:

Saka vil verte lagt fram når retningslinjene om fordeling av ytingar på byromsmøblar er forhandla ferdig med Bergen kommune."

Notat av 11.11.2014, "Status for reklamefinansiert kollektivtransport (...)" vart delt ut i møtet. Jf. RS 214/14 i fylkesutvalet sitt møte 04.12.2014.

Sjå også vedtak i PS 192/15 i dette møtet.

Aud Karin Oen hadde sendt inn slikt spørsmål (2) til fylkesordføraren:

"Ladestasjon for el bil på Straume

Viser til svar om spørsmål av ladestasjon for el bil på Straume. Den skulle vore ferdig 2014, så seinast mars 2015. Etter det eg ser er ingenting skjedd. Når kjem den? Og kan svaret vera litt meir forpliktande enn dei førre gongane?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Eg kan opplysa følgjande når det gjeld framdrift:

1. Gravesøknaden vert godkjent denne veka av kommunen (kablar og røyr vert lagt i vegen).
 - Dette gjeld frå nytt skap fram til ladar. BKK Nett har ferdigstilt utskifting av trafo og trekking av kablar fram til skap
2. Graving tek til på måndag førstkmande og montasje i midten av neste veke.
3. Det er opplyst at ladaren då er oppe innan 3 veker.
4. Då står det att å setja systemet i drift. Ein legg til grunn at dette let seg ordna raskt."

Aud Karin Oen hadde sendt inn slikt spørsmål (3) til fylkesordføraren:

"Statleg støtte til ny ferjeteknologi

I NRK Hordaland måndag morgon vart det kjent at eit samla Stortinget vil krevja at Regjeringa løyver pengar til omstilling av ferjeflåten i komande anbod. Dette gjer at rammevilkåra for eit grønt skifte er svært gode.

1. Korleis kan Stortingets sterke vilje til omstilling få følgjer for fylkeskommunen si planlegging av anbod?
2. Korleis vil fylkesordførar legge til rette for folkevald handsaming av saka no når HfK har langt sikrere rammevilkår enn tidlegerare?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Spørsmål 1:

Fylkesutvalet vedtok 29. januar 2015 i sak 5/2015 ein miljømodell for neste generasjons ferjeanbod under føresetnad av at modellen må tilpassast forventningar om statlege tilskot, utvikling i kostnadsnivå og teknologi. Signala om løyving av pengar til omstilling av ferjeflåten vil bygge opp under dette vedtaket og gitt løyvingar frå regjeringa medverke til at ambisjonane let seg gjennomføre. Det må likevel nemnast at i nemnde sak gjekk det fram at finansiering vil vere ei hovudutfordring på grunn av underliggende kostnadsauke i bransjen – ei vidareføring av dagens ferjetilbod i Hordaland utan at det er tatt omsyn til fornying av materiell og miljø vil gje auke i kostnader.

Spørsmål 2:

Fylkesordføraren legg til grunn at denne saka har vore handsama som politisk sak 5/2015 i fylkesutvalet i januar i år. I vedtaket bad vi om at det vart gjeve løypemeldingar undervegs i arbeidet med utarbeiding av anbodsgrunnlag. Betre rammevilkår vil betre grunnlaget for iverksetting av vedtaket."

Aud Karin Oen hadde sendt inn slikt spørsmål (4) til fylkesordføraren:

"Fylkesasfalt

Osterøy er i full gang med å skaffa kommunalt vatn til bustader og bedrifter på Tysse på Osterøy. I bygda som mellom anna huser fabrikken som lagar Tysse-tilhengeren må vegen utvidast for å få nok plass til den nye vassforsyninga. Bygdanytt skriver at HfK ikkje vil betala for nye asfalt på vegutvidinga. Her er alt arbeid betalt av kommunen. Berre ikkje ny asfalt.

Fylkesordførar annonserte nyleg ei ny giv i arbeid med vedlikehald av fylkesvegnettet. Måndag 8. juni asfalterte fylkesordførar Tom-Christer Nilsen personleg fylkesveg 580 og fylkesveg 235 Haukeland – Osavatn, etter det Hordaland.no skriv.

Kan fylkesordførar vurdere å asfaltere dei strekka på fylkesvegen til Tysse der kommunen har betalt for utvida veg?"

Fylkesordføraren viste til slikt svar frå Statens vegvesen:

"I samband med legging ny vassleidning har det vore kontakt mellom Statens vegvesen og kommunen pga. delar av vassleidninga var planlagt lagt langs fylkesvegen. Det var ikkje oppe spørsmål om økonomisk medverknad til legging av asfalt i samband med denne vassleidninga.

Det Statens vegvesen har gjort i denne saka er å gi graveløyve som alle må søkje om når dei kjem inn på vegområdet. Vilkåra for å få graveløyve er og at vegen vert sett i stand når gravinga er ferdig.

Arbeidet som Osterøy kommune gjer med legging av ny vassleidning er ikkje relevant som vurderingskriteria i samband med asfaltering av fylkesvegane.

For lågtrafikkerte fylkesvegar som t.d fv 567, er det generell fagleg vurdering av standard på vegdekke som alder, spordeformasjonar, jamnheit, sprekker i vegdekke, setningar, steinslipp og hol/lapping. I tillegg kjem trafikktryggleik og innspel frå fagfolka i Staten vegvesen som følgjer opp driftsavtalene, driftsentreprenørane og brukarane av vegen.

Ut frå desse kriteria vert det difor lagt asfalt på delar av fv 567 (Lonevåg – Fjellskålnes), jfr sak til fylkesutvalet RS 37/2015. Men det vert ikkje lagt asfalt på dei strekningane som vassleidninga ligg."

Tom-Crister Nilsen sette på vegner av H fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Vi er kjent med at der står igjen et restbeløp etter bompengeneinnkreving på Osterøybrua. Dette skal disponeres til veiformål i området. Egen sak om dette skal behandles lokalt og regionalt. Vi ber om at det vurderes om disse midlene kan vurderes brukt til å legge asfalt på den veitvidelsen som Osterøy kommune nå har foretatt."

Nilsen sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.

Aud Karin Oen hadde sendt inn slikt spørsmål (5) til fylkesordføraren:

"Nytt rutetilbud for ferjesambandet Kinsarvik-Utne-Kvanndal frå 1. oktober 2015

Viser til svaret fylkesordføraren gav i fylkestinget på interpellasjonen frå SV. Der byggjer fylkesordføraren heile svaret på at det er ein nedgang i trafikken på 27%. Etter det Sv erfarer og Skyss sine egne tal er det mykje som tyder på at dette er feil. Persontrafikken har slik eg les tala auka med 9% til Kvanndal - Utne - Kinsarvik.

1. Kan fylkesordføraren gjera greie for kva som er dei rette tala?
2. Dersom tala til fylkesordføraren er feil, kva vil han gjera for å retta på dette?
3. Vil fylkesordføraren om tala er feil då vurderer å oppfylle Stortingsprp. nr. 2 (2005-2006) med eit vedtak som pålegg at det skal vera ein kapasitet og frekvens på sambandet som reflekterer etterspurnaden."

Fylkesordføraren svarte slik:

"I svaret til fylkestinget vart det referert til utviklinga i personbileiningar, dette går fram av svaret. Utviklinga i persontrafikken (pax) har vore som følgjer frå 2013 til 2014:

For heile sambandet Kinsarvik-Utne-Kvandal var det nedgang frå 359.819 til 256.022 pax (-28,7%)

For Kvanndal-Utne var det nedgang frå 276.375 til 171.870 pax (-38%)

For Kinsarvik-Kvandal var det nedgang frå 45.961 til 25.804 pax (-44%)

For Kinsarvik-Utne var persontrafikken omlag uendra med ein auke på 34 reisande.

Auken på 9% som det vert referert til i spørsmålet frå representanten Oen, gjeld persontrafikkutviklinga i dei 3 fyrste månadane i 2015 i forhold til same månader i 2014. Den totale passasjerveksten var då 9% medan talet på pbe fekk ein ytterlegare nedgang på 3,9%.

Ut frå ovanstående er det ikkje gjeve feil opplysningar til fylkestinget, og utover det syner eg til det vedtaket som er fatta i saka."

Torill Selsvold Nyborg hadde sendt inn slikt spørsmål (5) til fylkesordføraren:

"Kva er status for Odda og arbeidet med å få dei industrielle kulturminna på UNESCO's tentative verdsarvliste?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Tyssedal kraftanlegg og Odda Smelteverk vart saman med og industristadene Rjukan/Notodden oppført på Noregs tentative liste til UNESCOs verdsarvliste den 19. juni 2009. Etter innspel frå Riksantikvaren avgjorde Miljøverndepartementet i januar 2013 at serienominasjonen av industriarven skulle splittas i to fasar: 1. søknad for Rjukan/Notodden skulle sendast til UNESCO i januar 2014, og fase 2, at det vert jobba vidare med utviding av

nominasjonen for å inkludere Odda/Tyssedal med eventuell oversending til UNESCO i januar 2016. I januar 2014 vart verdsarvsøknaden for Rjukan/Notodden sendt til UNESCO. Innstillinga frå UNESCO til Verdsarvkomiteen sitt møte Bonn 28. juni – 8. juli 2015 er positiv til innskriving av Rjukan-Notodden.

I Odda har ein dei siste åra fått sett i stand kulturminne på smelteverket for rundt 25 millionar frå Riksantikvarens midlar til prioriterte tekniske kulturminne, og det har vore laga ein mogleighetsstudie som var virka samlande for Oddasamfunnet. Odda kommune har styrkt sin faglege planstab og starta opp arbeid med ein ny reguleringsplan for smelteverkstomta, basert på eit scenario frå mogleighetsstudia det har vore konsensus om. Eit anna konkret fyrtårnprosjekt det no vert samarbeidd om, er ei etableringa av verdas største innandørs isklatrevegg i Cyanamiden. Klatresenteret vil støtte opp om den veksande turismen knytt opp til Trolltunga og skal vere kommersielt drive.

Fylkeskommunen har særleg god dialog med både Odda kommune og eigarane på smelteverkstomta. Alle dei sentrale partane er no samde om at ein må arbeide for å få status som verdsarvstad. Odda/Tyssedal har kompletterande verdiar til Rjukan/Notodden-nominasjonen, særleg knytt til høgtrykks vasskraftutbygging, industriell produksjon av nitrogengjødsel og industrielt produksjonsutstyr av høg alder bevart på staden. Etter sommaren 2015 vil ordførar i Odda kommune ta initiativ til at dei saman med Hordaland fylkeskommune kjem i dialog med Riksantikvaren med mål om å få starta opp serienominasjon av Odda/Tyssedal."

OPEN TIME

Benthe Bondhus sende slikt spørsmål til fylkesordføraren:

"I fylkesutvalet 19. mai gjorde eg fylkesutvalet merksam på at skilt er fjerna frå kryss v E134 (Jøsendal, Kløvet). Ved grundigare søk på eiga hand er eg "rysta" over det eg finn som faktaunderlag for dette.

Det er då no slik at vegfarande på E134, både frå sør og aust, ikkje får noko varsel om destinasjonane Bergen, Rosendal, Jondal, Årsnes, verken ved namn eller stipla visning til vegnummer. Dette er tilsvarande når ein kjem nordvest frå i det ein kjem inn til Odda sentrum.

Folgefonntunnelen opna i 2001. Det tok sju år før det kom opp skilt som fortalde dei vegfarande om mogleighetene ein no hadde ved Jøsendalskrysset på E134. Sju år seinare, no er skilta fjerna.

Eg legg ved offentlege dokument av korrespondanse mellom Hardangerbrua as og Statens vegvesen. Kan Hordaland fylkeskommune som største aksjonær i Hardangerbrua as. vera samd i slikt saksgang. (Eks. manglande trafikkprognosar, ledig kapasitet, e-post merka internt arbeidsdokument osv.)

Vonar eg kan få eit kjapt svar, då det er krefter som pressar på for at dette må fram i ljuset."

Det vil kome svar i neste møte.

Mona Hellesnes sette på vegner av V fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Fylkesutvalet ber om at det vert utarbeidd retningslinjer for godtgjersle til styrerepresentantar i dei selskapa Hordaland fylkeskommune har styrerepresentasjon."

Hellesnes sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Rasmus Laupsa Rasmussen viste til Alexander Fosse Andersen sitt spørsmål i fylkestinget 9.-10. juni 2015 om oppfølging av "homoplanen" i Hordaland fylkeskommune, og spurde om når planen vert gjort offentlig tilgjengeleg på nett. Fylkesdirektør opplæring svarte at planen er lagt på intranett. Den vil også verte lagt på hordaland.no.